

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
16/3958

Dato
12.10.2016

Svar på spørsmål nr. 13 til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Terje Breivik

Eg viser til brev 5. oktober 2016 frå Stortingets presidentskap, vedlagt spørsmål til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Terje Breivik.

Spørsmål

Kan statsråden gjera greie for utviklinga i høvesvis sparebankane sine grunnfond (den sjølveigde kapitalen), eigenkapitalbevis og sparebankstiftingane sine eigelutar i bankane frå 2000 og fram til i dag? Eg ber om både absolutte tal, og den relative fordelinga mellom dei tre gruppene kapital. Eg ber òg om eit oversyn over andelen utanlandsk eigarskap i eigenkapitalbevisa.

Grunngjeving

Sparebankane er ein sær viktig del av den finansielle infrastrukturen i Noreg, og har med sin desentraliserte struktur vore viktige for finansiering av næringslivet i distrikta. Samstundes har desse bankane hatt ein særmerkt eigarstruktur: tradisjonelt har dei vore sjølveigde. Den opphavelige, innskotne grunnkapitalen har vore utgangspunktet for bankane sin aktivitet, og grunnfondet i banken har vokse i takt med avsett overskot. Frå og med slutten av 1980-åra det vore mogleg for sparebankane å utferda grunnfondsbevis, seinare kalla eigenkapitalbevis, og gjennom dette skapa seg ein privat investorbase som eig delar av banken. Ved fusjonen mellom DNB og Sparebanken NOR på byrjinga av 2000-talet, vart det gjeve løyve til å skyte den sjølveigde samfunnskapitalen frå Sparebanken Nor ut i ei sparebankstifting. Ved endringa i sparebanklova i 2009 vart det heimla ei generell moglegheit til konvertera bankens grunnfond til eigenkapitalbevis (eller aksjar), og leggja desse eigelutane over i ei sparebankstifting. I åra etter 2009 har det kome til om lag 30 sparebankstiftingar i Noreg. Det er difor no rett å seia at det finst 3 typar eigekapital i sparebankane: Tradisjonell sjølveigd kapital i bankane sine grunnfond, sjølveigd kapital konvertert til eigenkapitalbevis overført

til ei sparebankstifting, og privateigd kapital kome til gjennom utferding av eigenkapitalbevis.


Å halda oversikt over korleis desse ulike formene for kapital utviklar seg, er ein viktig føresetnad for å vita noko om strukturutvikling og eigarskapet i sparebanksektoren.

Svar

Eigarkapital og eigarlaus kapital utgjer hovuddelen av sparebankane sin eigenkapital. Bankane har òg ein liten del ufordelt eigenkapital, som består av fond for vurderingsforskjellar og urealiserte gevinstar.

Frå midten av 2000-talet har eigarlaus kapital sin del av eigenkapitalen i sparebankane falt monaleg. Rekna som del av eigenkapitalen har eigarkapitalen samstundes auka frå under 20 prosent til nær 40 prosent, jf. figuren under. Figuren illustrerer utviklinga frå 2000 til 2015:

Figur 1: Utviklinga i eigarkapital, ufordelt kapital og eigarlaus kapital 2000 – 2015. Prosent av eigenkapital.



Merknad: Alle sparebankar unntatt DNB, men inkl. ABC/NOR til 2003.

Kjelde: Finanstilsynet.

Ved utgangen av 2015 var andelen utanlandsk eigarskap i eigenkapitalbevisa om lag 5 prosent. Før 2012 var det ikkje registrert utanlandsk eigarskap.

Vedlagt følgjer to tabellar som syner eigarlaus kapital, eigarkapital og ufordelt kapital i absolutte tal (tabell 1) og i prosent (tabell 2).

Med helsing

Siv Jensen

Vedlegg 1

Tabell 1: Eigarlaus kapital, eigarkapital og ufordelt kapital i absolutte tal, 2000-2015

	Eigarlaus kapital	Eigarkapital totalt	Eigarkapital eigd av stiftingane	Ufordelt kapital
2000	29 168 494	14 486 146	0	652 304
2001	32 395 624	15 668 264	0	390 198
2002	35 849 357	13 422 872	0	106 622
2003	38 692 171	14 007 286	0	111 181
2004	35 895 456	7 691 094	0	155 774
2005	39 811 313	8 434 463	0	166 517
2006	44 477 053	8 699 582	0	424 031
2007	49 338 844	10 539 634	0	665 703
2008	49 885 073	11 567 278	134 100	652 756
2009	54 335 591	14 674 528	401 002	989 844
2010	54 836 695	22 505 553	4 593 380	704 222
2011	55 930 204	25 561 563	4 873 525	650 709
2012	57 829 343	32 928 253	9 715 672	918 823
2013	63 689 832	36 485 162	10 072 198	1 788 118
2014	70 275 256	38 852 646	10 031 873	1 366 585
2015	70 612 314	47 341 287	14 667 805	1 980 656

Merknad: Tal i 1000NOK, for alle sparebankar unntatt DNB, men inkl. ABC/NOR til 2003.

Kjelde: Finanstilsynet.

Tabell 2: Eigarlaus kapital, eigarkapital og ufordelt kapital i prosent, 2000-2015

	Eigarlaus kapital	Eigarkapital totalt	Eigarkapital eigd av stiftingane	Ufordelt kapital
2000	65,8 %	32,7 %	0 %	4,3 %
2001	66,9 %	32,3 %	0 %	2,4 %
2002	72,6 %	27,2 %	0 %	0,8 %
2003	73,3 %	26,5 %	0 %	0,8 %
2004	82,1 %	17,6 %	0 %	2,0 %
2005	82,2 %	17,4 %	0 %	1,9 %
2006	83,0 %	16,2 %	0 %	4,6 %
2007	81,5 %	17,4 %	0 %	5,9 %
2008	80,3 %	18,6 %	0,2 %	5,3 %
2009	77,6 %	21,0 %	0,6 %	6,3 %
2010	70,3 %	28,8 %	5,9 %	3,0 %
2011	68,1 %	31,1 %	5,9 %	2,5 %
2012	63,1 %	35,9 %	10,6 %	2,7 %
2013	62,5 %	35,8 %	9,9 %	4,7 %
2014	63,6 %	35,2 %	9,1 %	3,4 %
2015	58,9 %	39,5 %	12,2 %	4,0 %

Merknad: Tal for alle sparebankar unntatt DNB, men inkl. ABC/NOR til 2003.

Kjelde: Finanstilsynet.